

Felles programstyre for lektorutdanningen

Protokoll fra møte i felles programstyre for lektorutdanningen Møte 3 2023

Tidspunkt: 10. mai, 2023, kl. 10.00 – 12.00

Møtested: Studieavdelingen, Langes gate 1-3

Til stades:

Endre Brunstad (leder), Christian Sæle (settevara, HF-AHKR), Jorun Nyléhn (MN), Åsta Haukås (HF-IF), Lars Petter Storm Torjussen (PF-5LU) Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Katrine Aske (FIL), Hilde Beate Selbervik (observatør, fagleg praksiskoordinator) og Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meld forfall:

Liv Eide (PF-PPU), Katharina Sass (SV), Frode Ulvund (HF-AHKR), Steinar Sætre (vara, KMD), Sigrid Thorsen Baarnes (FIL), Didrik Aamold (FIL) og Roald Valle (UiB Videre, observatør).

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 22. mars

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

Gradsformulering i høyring om ny studieforskrift for UiB.

Vedtaksak

Sak 22/23 Møteplan haust 2023

Forslag om å flytte møtedato 9.november til 6.november.

Medlemmene sjekkar opp datoane i sine fagmiljø og melder til lektorsenteret dersom den nye møtedatoen ikkje passar.

Vedtak

Felles programstyre vedtek framlegg til møteplan for hausten 2023, med dei justeringane som kom fram i møtet.

Sak 23/23 Ekstern fagfellesamling 2023

Vedtak

1. Felles programstyre føreslår at ekstern fagfellesamling blir arrangert 23.–24. oktober eller 30.–31. oktober.
2. Lektorsenteret får fullmakt til å gå i dialog med fagfellene om innhald i fellesprogrammet til fagfellesamlinga 2023.

Sak 24/23 Høyring om forslag til forenkling i rammeplanane for lærar- og lektorutdanningane

Programstyret støtta i hovudsak dei vurderingane som kom fram i sakspapira. Kommentaranane som kom fram i møtet gjaldt primært pkt. 3, *FoU-oppgave i de femårige utdanningene og vitenskapsteori og metode*.

Justeringane om vitenskapsteori og metode er relevante på den måten at dei får fram at ikkje berre profesjonsfaga har ansvar for det. Her har UiB bl.a. obligatorisk ex.phil i studieplanen.

MN:

- I dag har ikkje MN sitt lektorprogrammet krav til bacheloroppgåve og vil heller ikkje ha resursar til å skulle rettleie 40 studentar i korkje ei bachelor- eller ei FOU-oppgåve.

HF-IF:

- Ei FOU-oppgåve inneber eit positivt samarbeid mellom praksis og disiplinfag og kan gjerne sjå føre seg ei slik oppgåve i 5. semester i fag 2.

HF-AHKR:

- Det er ønskeleg med ei bachelor-oppgåve framfor ei FOU-oppgåve.
 - Ei obligatorisk FOU-oppgåve vil ha resursmessige konsekvensar som instituttet ikkje kan følgje opp.
 - Rammene til ei bachelor-oppgåve er meir opne enn ei FOU-oppgåve og ei bacheloroppgåve kan gjerne vere anten profesjonsretta eller ei rein FOU-oppgåve dersom studenten ynskjer det.

HF-nordisk:

- I dag har programmet bacheloroppgåve, men synest at det kan vere valfritt for studentane om ein ynskjer å skrive ei bachelor- eller ei FOU-oppgåve.

Medlemmene er samde i å tilrå at ein held fast ved nemninga «bachelor-oppgåve» framfor ei «fou-oppgåve», og ville ikkje at det skulle rammeplanfestast at den oppgåva skal vere «profesjonsretta».

Vedtak

Programstyret gir innspel til lektorsenteret og UiB sentralt om denne høyringssaka i tråd med dei kommentaranane som kjem fram i saksførelegget og i diskusjonen.

Drøftingssaker

Sak 25/23 Fagkombinasjonar i lektorutdanninga

Under drøftinga av spørsmålet om fagkombinasjonar i lektorutdanninga kom det fram ulike syn på saka.

- Informasjonen i saksframlegget fekk fram både nytten av og poenget med å ev. skulle innføre avgrensingar i fagkombinasjonar. Det har ikkje eksistert slik samla informasjon tidlegare.
- UiB kan betre informasjonen om fagval og moglege konsekvensar av enkelte fagkombinasjonar, både på nettsider og ved rettleiing i utdanninga.
- Lektorprogrammet ved MN har fastsette fagkombinasjonar. Frå og med 2022 vart geofag fjerna frå fagkombinasjonen og i dag er det berre biologi og kjemi som står att som fagkombinasjon utan matematikk. Denne fagkombinasjonen ynskjer dei å behalde, enn så lenge.
- Det kom fram ulike syn i fagmiljøa om ein skulle ha restriksjonar på val av kombinasjonen historie og sosiologi, og likeins på kombinasjonen religion-historie og religion-sosiologi.
- Skulane formidlar at visse fagkombinasjonar skapar utfordringar for skulen ved tilsetjing, fordi det ikkje finst stillingsgrunnlag for dei.

Leiar formidlar at ein vil komme tilbake til saka for vedtak.

Sak 26/23 Fagfellerapportar 2022

Orientering frå PF:

Etter iverksetting av programleiing har PF formalisert rolla til deira eksterne fagfelle på ein tydelegare måte. Tidlegare var fagfellen omtala som *fagfelle for pedagogikk i lektorutdanningane*, medan den no er ekstern *fagfelle for PPU*. Oppdraget vil likevel kunne omhandle tema som går på tvers av både PPU og lektorprogramma, slik som i fjor, med evaluering av PEDA102 og i år, med evaluering av PEDA101.

Kommentarar til fagfellerapportane:

- I HF sin fagfellerapport kjem det fram nyttige innspel for profesjonsfaga. Særleg vart det framheva behovet for at studentane gjennom studiet skal bli førebudde til å vidareutvikle sin eigen kompetanse.

Orienteringssak

Sak 27/23 Redesign

Seminaret 6.juni handlar om arbeidet med programkart, og fokuserer på profesjonsfaga (pedagogikk og fagdidaktikk).

Disiplinfaga må halde fram sitt arbeid med emneutvikling. Her vil fagdidaktikarane kunne bidra. Det blir vurdert ulike sørvisordningar. Det er institutta og fakulteta som har ansvar for å rigge for intern oppfølging av dette arbeidet.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 28/23 Søkartal og rekruttering

Alle medlemmene er uroa for nedgangen i søkartalet til lektorutdanninga og har fleire innspel til tiltak for å betre rekrutteringa:

- Det vart vist til at dette ikkje berre er eit nasjonalt, men eit internasjonalt problem, og at det er ingen enkle løysingar
- Lektorutdanninga må synleggjerast betre i vgs og skulebesøk vil vere positivt. Her vil lektorutdanning sin studentambassadør kunne bidra og mest truleg vere betre «reklame» enn besøk av fagleg tilsette.

- Yrkesrelevansen og læraren sitt samfunnsoppdrag må synleggjerast og framsnakkast.
- UiB kan sjå til andre institusjonar for tips til gode rekrutteringskampanjar (som t.d. UiO, som hadde ein kampanje for framandspråk som ga ein auke i søkartalet i fjor).

Sak 29/23 Nytt frå praksisutvalet

Praksisutvalet har fått retningsliner for utarbeiding av praksisordninga i ny modell for lektorutdanninga frå prosjektgruppa (for redesign). Arbeidet skal omhandle emneskildringar for praksisemna, utvikling av campusdagar og progresjon i praksis.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 30/23 Lektorsenteret sine lokale

Det blir i tida framover ikkje plass nok til lektorsenteret i Langes gate 3. Lektorsenteret vil få nye lokale i Christies gate 20, og er godt nøgd med den løysinga.

Sak 31/23 Eventuelt

Høyring – ny studieforskrift:

I felles programstyre sitt møte 26.10.22, sak 18/22, var medlemmene samde i at nemninga «med integrert praktisk-pedagogisk utdanning» var uheldig når ein snakka om graden til den femårige lektorutdanninga. Lektorsenteret fekk fullmakt til å kommentere på dette.

Grads-formuleringa som no ligg på bordet og som skal opp i Universitetsstyret i juni er: «Master i lektorkompetanse med [faget]».

Lektorsenteret foreslår endring til: «Master i [faget] med lektorkompetanse».

Felles programstyre støttar forslag til endring.